



Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Postboks 2233
3103 TØNSBERG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn Randi Bjørnevoll, 5764 3183

Tilgjengelegheit og akuttberedskap i kommunalt barnevern

Vi viser til dykkar brev 23.03.2023 som gjeld tilgjengeleg og forsvarleg akuttberedskap barnevern for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden.

I dykkar brev skriv de at Kristiansand kommune som driftar nettstaden Barnevernvakten.no informerte dykk i brev 20.09.2022 om at desse dem kommunane i Vestland ikkje har oppgitt telefonnummer som vakta kan nå dei på. Barnevernvakten har formidla at for å kome i kontakt med desse barnevernstenestene utanom ordinær opningstid, må politi, legevakta eller Alarmtelefonen for barn og unge kontaktast. De skriv at de er einige med Barnevernsvakta i at Alarmtelefonen for barn og unge ikkje er ein del av den kommunale akuttberedskapen, og at kontaktelefon til Alarmtelefonen ikkje er tilstrekkeleg for å oppfylle lovkrav om at barnevernstenesta skal vere tilgjengeleg til ein kvar tid, jamfør barnevernslova § 15-3 fjerde ledd. De ber oss følge opp saka med dei aktuelle kommunane.

Statsforvaltaren sendte 28.11.2022 brev til Alver kommune, som er vertskommune for akuttberedskap for desse fem kommunane. Samarbeidskommunane fekk kopi av brevet. I brevet understreka vi kommunens ansvar for å ha ein forsvarleg akuttberedskap med eit offentleg telefonnummer slik at alle som treng å kome i kontakt med barnevernstenesta kan gjere det uavhengig av kva tid på døgnet dei treng hjelp. Vi viste til at det ikkje var forsvarleg at barn og familiar måtte kontakte politi, legevakt eller Barnevernvakten i Bergen for å få akutt hjelp frå barnevernet i desse kommunane.

Barnevernsleiaren i Alver kommune svarte oss 16.01.2023 om at kommunen skulle ha på plass ei forsvarleg akuttberedskap for barnevernet frå 01.03.2023, med eit offentleg telefonnummer. Dei ville også legge ut informasjon om dette på nettsidene sine.

Alver kommune har no lagt ut telefonnummeret til akuttberedskap barnevern på heimesida si. Det ligg under døgnopne vakttenester, og har telefonnummer +47 45375669. Vakttelefonen er open frå kl. 15.35 – 08.00 kvardagar og er døgnopen i helgar. Vi beklagar at oppdatert kontaktinformasjon til akuttberedskapen for desse fem kommunane ikkje er formidla til Kristiansand kommune.



Statsforvaltaren vurderer at desse kommunane no har ei forsvarleg akuttberedskap, ved at dei som treng det kan få kontakt med barnevernsfagleg kompetanse heile døgnet.

Vi sender kopi av brevet til Kristiansand kommune, som driftar Barnevernvakten.no, slik at dei får oppdatert informasjon om akuttberedskap barnevern for desse fem kommunane. Barne- og familiedepartementet og dei aktuelle kommunane får kopi av brevet slik at dei er orientert om vårt svar.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Gunn Randi Bjørnevoll
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kopi av vårt brev til Alver kommune 28.11.2022

Kopi av epost frå barnevernsleiareren i Alver kommune 16.01.2023

Kopi til:

Barne- og familiedepartementet

Kristiansand kommune, barnevernstjenesten

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden